UNIVERSITETET
I OSLO

Fremleggsnotat

Møtesaksnr: 2
Møtedato: 06.10.2026
Notatdato: 29.09.2026
Arkivsaksnr:

Til: Utdanningskomiteen
Fra: Avdelingsdirektør, Avdeling for studieadministrasjon

Saksbehandler:
Johan Herland Stalheim

Opptaksregelverk for søkarar til vidareutdanning ved UiO

Bakgrunn
Hausten 2026 gjennomgår Fellesadministrasjonen administrative utfordringar knytt til å tilby etter- og vidareutdanning (EVU). Vi vurderer om det finst brukbare løysningar i dag som må forankrast og gjerast betre kjent i organisasjonen, eller om det er behov for å utvikle nye tekniske løysingar, rettleiingar, retningsliner eller anna støtte.

Eitt av fokusområda for arbeidet i haust er opptaksregelverk og saksbehandling. Formålet med dette notatet er å vise rammene og moglegheitene for å forenkle opptakskrava til vidareutdanning ved UiO. Notatet skisserer moglege løysingar og vegen vidare, og sluttar med spørsmål til diskusjon for utdanningskomiteen og studieleiarnettverket. Notatet blir parallelt lagt fram for det nyetablerte EVU-nettverket med representantar frå fakulteta og Fellesadministrasjonen.

Det nasjonale opptaksregelverket
Kravet om generell studiekompetanse for opptak til studium ved universitet og høgskular går fram av universitets- og høgskulelova § 8-1 første ledd:

> *«Søkere skal ha generell studiekompetanse for å være kvalifisert for opptak til studier ved universiteter og høyskoler. Med generell studiekompetanse menes fullført og bestått studieforberedende norsk videregående opplæring.»*

Den nærmare konkretiseringa av kravet om generell studiekompetanse går fram av den nasjonale forskrifta om opptak til høgare utdanning (heretter opptaksforskrifta). Denne inneheld reglar om korleis ein søkar oppnår generell studiekompetanse (kapittel 2) og kva som kan gjerast av unntak frå kravet om generell studiekompetanse (kapittel 3).

Opptaksforskrifta seier ikkje noko om opptakskrav for studium som har opptakskrav utover generell studiekompetanse og spesielle opptakskrav (fagkrav frå norsk vidaregåande skule). Forskrifta § 1-1 fjerde ledd seier derfor at forskrifta ikkje gjeld ved innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar, for opptak til utdanning som byggjer på grunnutdanning, «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning. For slike utdanningar har institusjonane fullmakt til å fastsette opptakskrav og rangeringsreglar sjølve dersom departementet ikkje har fastsett slike i anna forskrift eller rammeplan.

Det finst nokre unntak frå kravet om GSK, jf. kapittel 3 i opptaksforskrifta. Unntaka gjeld hovudsakleg søkarar med realkompetanse, og søkarar som på grunn av varig sjukdom, funksjonsnedsetjing eller liknande

ikkje er i stand til å oppfylle kravet. I tillegg kan departementet gi unntak for einskilde studium eller emne, men terskelen for dette er høg.

Realkompetansevurdering er ei ordning der universitet og høgskular kan gi søkarar som er over 25 år eller eldre i opptaksåret, og som ikkje har generell studiekompetanse, opptak til eit studie dersom søkaren på grunnlag av realkompetanse har dei nødvendige faglege føresetnadene for det aktuelle studiet. Heimelen for realkompetansevurdering står i universitets- og høgskulelova § 8-2, men også her er den nærmare konkretiseringa av krava gitt i opptaksforskrifta.

Vidare kan UiO krevje eigenbetaling frå studentar i tråd med universitets- og høgskulelova § 2-5 og universitets- og høgskuleforskrifta kapittel 4. Regelverket skjermar grunnutdanningane og gratisprinsippet og stiller krav om at det aktuelle studietilbodet må vere tilpassa arbeidslivet. Vidareutdanningar må krevje minst to års arbeidserfaring på heiltid, i tillegg til det ordinære kravet om GSK, for å kunne ha eigenbetaling. Arbeidserfaringa treng ikkje å vere innhaldsmessig kopla til vidareutdanninga. Vidareutdanninga må dessutan anten vere praktisk tilpassa personar i arbeid, til dømes gjennom samlingsbasert, digital eller ettermiddagsbasert undervisning, eller ha eit innhald som er særleg utvikla med utgangspunkt i studentane si arbeidserfaring.

Det lokale opptaksregelverket
UiO si forskrift om lokale opptak regulerer tilfella der UiO har høve til å fastsetje opptaksregelverket sjølv. Lokalopptaksforskrifta gjeld for halvanna- eller toårige masterprogram, praktisk-pedagogisk utdanning, innpassingsopptak og vidareutdanningar.

For alle desse opptaka set lokalopptaksforskrifta krav om generell studiekompetanse, i tillegg til eventuelle andre opptakskrav, jf. § 2 om krav til generell studiekompetanse:

> *«(1) Det kreves ordinært generell studiekompetanse for opptak til studier ved Universitetet i Oslo i henhold til forskrift om opptak til høyere utdanning.*
>
> *(2) For opptak til engelskspråklige studieprogram eller studieretninger gis det dispensasjon fra norskkravet i generell studiekompetanse.»*

Dette betyr at UiO følgjer den nasjonale opptaksforskrifta i saksbehandlinga av GSK-kravet også for dei lokale opptaka som er regulert av lokalopptaksforskrifta.

I lokalopptaksforskrifta er opptak til vidareutdanningar regulert slik, jf. § 10:

> *«(1) Søkere til videreutdanning skal ordinært dekke eventuelle spesielle opptakskrav samt tilleggskrav som gjelder for utdanningen.*
>
> *(2) Det skal framgå av program- eller emnebeskrivelsen hvilke krav søkerne må oppfylle for å kunne kvalifisere for opptak samt hvordan søkerne skal rangeres.»*

Formuleringa «spesielle opptakskrav» viser til det same som i opptaket til grunnutdanningar, nemleg bestemte fagkrav frå norsk vidaregåande utdanning, til dømes for studietilbod i realfag eller helsefag. Formuleringa «tilleggskrav» viser til eventuelle andre krav som må vere oppfylt, til dømes høgare utdanning eller arbeidserfaring.

Ved UiO behandlar fakulteta søknader om opptak til sine eigne vidareutdanningar. Studieavdelinga får søknadar til behandling der det er behov for å vurdere om søkaren har generell studiekompetanse (GSK) eller oppfyller særskilde opptakskrav til utdanninga.

Utfordringar i saksbehandlinga
Våren 2026 vurderte ei arbeidsgruppa korleis UiO best varetek sitt samfunnsoppdrag som EVU-institusjon. Arbeidsgruppa skisserte desse problema med opptaksregelverket til vidareutdanningar slik det er i dag:

- Regelverket er dårleg tilpassa vaksne i arbeid og skreddarsydde EVU-tilbod.
- Krav om GSK skapar barrierar, særleg for yrkesaktive og internasjonale deltakarar.
- Manuelt opptak er tidkrevjande, spesielt for små emne med mange søkjarar.

I hovudsak har dei fleste som søker vidareutdanningar hjå UiO allereie dokumentert GSK frå tidlegare opptak og har ein tilgjengeleg GSK-konklusjon i FS-basen vår. For dei som ikkje har ein GSK-konklusjon frå tidlegare opptak, kan derimot saksbehandlinga bli langdryg og krevjande.

Det er særleg to søkargrupper der saksbehandlinga opplevast som meir krevjande:

1) søkarar som har gjennomført vidaregåande i Noreg og ikkje lenger har tilgang på dokumentasjon eller ikkje har den registrert digitalt (eldre søkarar) og

2) søkarar som ikkje har generell studiekompetanse, særleg søkarar som ikkje har gjennomført vidaregåande skule i Noreg (søkarar med utanlandsk bakgrunn).

Med andre ord er dei aller fleste søkarane kvalifisert, men mindretalet som ikkje er kvalifisert kan krevje uforholdsmessig mykje ressursar. Fakulteta har på bakgrunn av dette ønskja eit enklare opptaksregelverk for vidareutdanningar. Fleire av fakulteta har i tillegg ønskt seg meir automatisert saksbehandling av vidare-utdanningssøkarar. I det følgjande diskuterer vi dei alternativa Studieavdelinga vurderer som moglege.

1. Fråvike kravet om GSK ved opptak til vidareutdanning
Som nemnt tidlegare i notatet, er kravet om generell studiekompetanse fastsett i uh-lova og gjeld alle studietilbod. Lova slår også fast at Kunnskapsdepartementet kan gi unntak i opptaksforskrifta, og dette er gjort for visse utdanningar, mellom anna for studium der det er relevant å rekruttere søkarar med fagbrev, for nokre språkfag og for nokre kunstfag.

Det har blitt argumentert for at opptaksforskrifta gir moglegheit for unntak frå kravet om GSK gjennom § 1-1 om v*erkeområde*:

> *«(4) Forskrifta gjeld ikkje ved innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar, for opptak til utdanning som byggjer på grunnutdanning, «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning. For slike utdanningar har institusjonane fullmakt til å fastsette opptakskrav og rangeringsreglar sjølve dersom departementet ikkje har fastsett slike i anna forskrift eller rammeplan.»*

Denne paragrafen seier derimot berre at heilskapen i opptaksforskrifta ikkje gjeld for desse opptakstypane. Kravet om generell studiekompetanse for å ta høgare utdanning går uansett fram av uh-lova. Det vil derfor

ikkje vere mogleg å unnta vidareutdanningar frå GSK-kravet utan å søkje Kunnskapsdepartementet om dette, anten i den årlege innspelsrunda til opptaksforskrifta eller i ein eigen søknad. Det er mogleg å gå vidare med ein slik søknad, men Studieavdelinga vil ikkje tilrå dette no.

UiO sin strategi seier mellom anna at «UiO skal være en fremragende utdanningsinstitusjon som gir forskningsbasert undervisning på høyt internasjonalt nivå». Framlegget til ny utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet seier mellom anna at «UiO vil svare på samfunnets behov for etter- og videreutdanning innen fagområder der UiO har sterke fagmiljøer». UiO har også som ambisjon å tiltrekke seg dyktige og motiverte søkarar. Å søke dispensasjon frå kravet om generell studiekompetanse *kan* framstå som om UiO reduserer opptakskrava til vidareutdanningar. Det kan også opne opp vidareutdanningane for søkarar som ikkje har dei nødvendige faglege føresetnadene for å handtere studia.

Studieavdelinga er kjent med døme frå andre institusjonar, der søkarar ikkje treng å legge fram dokumentasjon på GSK ved søknad om opptak, til dømes til nokre vidareutdanningsemne ved Universitetet i Bergen (UiB): Digital kompetanse for arbeidslivet (DIGI) | UiB. Vi oppfattar UiB slik at dei framleis har krav om GSK for opptak til desse vidareutdanningane, men at dei har tilpassa dokumentasjonskravet og kontrollrutinane. Vi kjem tilbake til dette seinare i notatet.

2. Bruke generell studiekompetanse på bakgrunn av høgare utdanning (HUT)
I gruppa med søkarar som ikkje har tilgang på dokumentasjon eller ikkje har registrert den digitalt, er det mange som har avlagt høgare utdanning frå før. Dagens regelverk er likevel utforma slik at det berre er søkarar som ikkje har GSK på bakgrunn av vitnemål frå vidaregåande skule, som kan få GSK på grunnlag av høgare utdanning, jf. opptaksforskrifta § 2-3, første ledd:

> *«Søkjarar som er tekne opp til høgare utdanning på grunnlag av reglar om unntak frå kravet om generell studiekompetanse, jf.* kapittel 3*, og som har bestått ei slik utdanning på minst eitt år (60 studiepoeng eller to studium, kvart på 30 studiepoeng), får generell studiekompetanse såframt dei har dokumenterte norskkunnskapar.»*

Det betyr at dersom ein søkar ikkje har dokumentert GSK, men har tatt høgare utdanning, vil Studieavdelinga i første omgang etterlyse opptaksgrunnlaget for dei studiepoenga søkaren har tatt. Dersom søkaren ikkje kan dokumentere GSK på bakgrunn av vidaregåande skule, kan vedkommande få GSK på bakgrunn av å ha fullført eit studieløp på minst 60 studiepoeng (til dømes eit årsstudium).

Frå 1. januar 2027 trer ei ny forskrift om opptak til høgare utdanning i kraft. Den nye forskrifta inneheld ei justering av regelverket om generell studiekompetanse på bakgrunn av høgare utdanning (HUT) samanlikna med dagens regelverk. Kravet om å dokumentere opptaksgrunnlaget og kravet om fullført studieløp vert fjerna. Søkarar treng heretter berre å dokumentere 60 fullførte studiepoeng for å få generell studiekompetanse på grunnlag av høgare utdanning. Forhåpentlegvis vil dette gje ei forenkla saksbehandling av søkarar som ikkje kan dokumentere fullført vidaregåande skule.

3. Bruke realkompetansevurdering for søkarar som ikkje kan dokumentere GSK
Realkompetansevurdering er regulert i uh-lova og i opptaksforskrifta, jf. omtalen tidlegare i notatet. Hjå UiO må søkarar i dag dokumentere dei følgjande krava for bli kvalifisert på grunnlag av realkompetanse:

- Norsk (tredjeklassenivå VGS) og engelsk (førsteklassenivå VGS)

- Fem år praksis, eller ein kombinasjon av studium og praksis
- Tilleggskrav på enkelte studieprogram

Hovudutfordringa med saksbehandling av søkarar som ikkje har gått på vidaregåande skule i Noreg/ikkje kan dokumentere GSK, er stort sett manglande språkdokumentasjon. For å møte desse utfordringane, foreslår Studieavdelinga å etablere eit eige sett med realkompetansekriterium for vidareutdanningar. Vi foreslår følgjande endringar:

Språkkrav
Norsk: På emne som blir undervist på norsk, foreslår Studieavdelinga å halde på kravet om norsk tilsvarande 3. klassenivå frå vidaregåande skule, men opne for at kravet kan dekkast med attest frå arbeidsgjevar. Det kan vere krevjande for søkarar å dokumentere norskprøvar på kort varsel. Å få ein attest frå arbeidsgjevar som seier at søkaren meistrar norsk skriftleg og munnleg bør vere enklare å få tak i, og dermed enklare å dokumentere.

Engelsk: På emne som blir undervist på engelsk, foreslår Studieavdelinga å halde på kravet om å dokumentere engelsk på førsteklassenivå frå vidaregåande skule, men opne for at kravet kan dekkast med attest frå arbeidsgjevar, på lik linje med forslaget om norskattest over.

Presisering: Forslaget inneber at ein berre treng å dokumentere det språket som er undervisningsspråk på det aktuelle emnet, og ikkje både norsk og engelsk som i dag.

Praksis
Per i dag definerer UiO praksiskravet slik:

> *«Du må dokumentere minimum fem års fulltids praksis, eller ein kombinasjon av praksis og utdanning. For søkjarar med særleg relevant praksis eller utdanning kan ein gjere unntak frå 5-årskravet. Søkjarar som ikkje har hatt høve til å gjennomføre praksis (til dømes på grunn av sjukdom eller liknande) kan søkje om unntak frå 5-årskravet.*
>
> *Du dokumenterer arbeidspraksis med attest der varigheita og omfanget (i timar per veke eller stillingsprosent) av arbeidet går fram.»*

Studieavdelinga erfarer at søkarane har mindre utfordringar med å dekke dette kravet enn med å dekke språkkrava. Avdelinga vurderer derfor at ein kan behalde kravet om praksis, men at det må vurderast nærmare kor mange år ein skal krevje. Saksbehandlinga kan òg gjerast romslegare ved å ikkje lenger rekne så nøye på prosentdelen av praksis per år.

Vi må også sjå nærare på forholdet mellom praksiskravet knytt til realkompetansevurderinga og det generelle kravet om to års fulltids arbeidserfaring for vidareutdanningar med eigenbetaling. Det kan bli for strengt å krevje til saman sju års arbeidserfaring i desse tilfella, og det kan vere grunnlag for å sjå desse krava i samanheng for dei søkarane det gjeld.

Tilleggskrav
Oversikta over tilleggskrav ein må dekke til visse studieprogram, enkeltemne og i lokale opptak ligg her: Tilleggskrav - Universitetet i Oslo. Desse krava kjem i tillegg til krava om språk og praksis og eventuelle særskilde opptakskrav.

Tilleggskrava blir vurdert av fakulteta sjølve. Difor må fakulteta sjølve vurdere kva tilleggskrav dei ønskjer til vidareutdanningsemna sine, også med tanke på forenkling av dei totale opptakskrava. Tilleggskrav for realkompetansesøkarar må ikkje forvekslast med opptakskrav som gjeld for alle søkarar. Modellen blir enklast om vidareutdanningane har så få tilleggskrav som mogleg.

Avgrensing
Studieavdelinga foreslår at den skisserte realkompetansemodellen blir avgrensa til frittståande vidareutdanningsemne eller korte vidareutdanningsprogram, til dømes med normert studietid på inntil eitt år. Den forenkla GSK- eller realkompetansevurderinga vil i desse tilfella vere tilpassa dei krava studentane møter i gjennomføringa av den aktuelle utdanninga.

For opptak til ordinære utdanningar legg Studieavdelinga til grunn at søkarane får best føresetnader for å gjennomføre dei aktuelle utdanningane dersom dei bli vurdert etter dei ordinære kriteria for generell studiekompetanse eller realkompetanse. Vi legg til grunn at dette også gjeld for opptak til heile, erfaringsbaserte mastergradar.

Realkompetansevurdering blir dessutan gjort for kvart studietilbod, og dei kan ikkje brukast opp att ved søknad om opptak til eit anna studietilbod. Søkarar som får opptak etter ei forenkla realkompetansevurdering for vidareutdanningar får dermed ikkje tilgang til andre studieprogram eller emne ved UiO på bakgrunn av denne vurderinga.

Behov for tydeleg kommunikasjon
Ordlyden mellom dei to realkompetansevurderingane (ordinær realkompetansevurdering og vidareutdanningsvurdering) kan haldast relativt lik på nettsidene. I realiteten vil berre tekst om språkkrav endrast, med eventuelt mindre modifikasjonar i teksten om praksis. I praksis vil det bli lettare å behandle språkkrav, samstundes som vurdering av praksis blir meir effektiv.

Ein konsekvens av å ha ei realkompetansevurdering ved opptak til vidareutdanning som skil seg frå realkompetansevurderinga som brukast ved opptak elles, er at det kan skape forvirring hos søkarar. Studieavdelinga meiner at det vil vere viktig å tydeleggjere for søkarar at opptak gjennom realkompetansevurdering for vidareutdanningsemne, ikkje nødvendigvis medfører at ein er kvalifisert til studieprogram hjå UiO elles. Vi må finne rom til å informere om dette ved søknad til vidareutdanningsemne, og vurdere om vi bør sende oppfølgingsinformasjon om dette til søkarar undervegs/ved avslutting av studieløpa deira.

Meir automatisk saksbehandling
Det å endre realkompetansevurderinga på vidareutdanningsfeltet hos UiO og eventuelt få til automatisk saksbehandling av søkarar som er registrert med GSK vil likevel ikkje løyse alle utfordringane. Så lenge det er eit opptakskrav, er det naudsynt med saksbehandling. Fakulteta meiner at prosessen med innmelding av vidareutdanningstilbod til Studieavdelinga og saksbehandlinga bør forenklast. Dette inkluderer eit ønskje om meir automatisk saksbehandling ved opptak til vidareutdanning.

I diskusjonane har fakulteta vist til Universitetet i Bergen sin praksis: Dersom ein søkar er 25 år eller eldre og ikkje har generell studiekompetanse, treng ein ikkje å dokumentere at ein oppfyller krava til generell studiekompetanse eller realkompetanse for å få opptak til mindre vidareutdanningsemne. Søkarane får automatisk opptak ved søknad, og det er ikkje krav om å laste opp dokumentasjon.

UiB ser difor ikkje på dokumentasjon ved sjølve søknaden, men skriv at dei tek stikkprøvekontrollar av arbeidserfaring. Dersom ein ved førespurnad ikkje kan dokumentere at ein har minst to års arbeidserfaring, kan ein miste studieplassen.

Etterutdanningsmodulen har ein funksjonalitet for automatisk opptak, men den kontrollerer ikkje om søkarane har generell studiekompetanse. Ved automatisk opptak til vidareutdanning, mistar ein altså eit sikkerheitsnett i forhold til å sjå om søkarane faktisk er kvalifiserte før dei får opptak. Vi ser ikkje at vi kan bruke denne modellen utan å bryte med det eksisterande lovverket.

Studieavdelinga vil sjå på moglegheitene for meir automatisk kvalifisering av søkarar som har GSK frå før. Etterutdanningsmodulen er i utgangspunktet berre er lagd til rette for enkel sakshandsaming, og manglar funksjonalitet som automatisk vurderer om søkjarar er kvalifiserte. Modulen har òg avgrensa funksjonalitet for rangering av søkjarar. Det kan likevel hende at det finst moglegheiter for forenkling samanlikna med dagens rutinar. Alternativet kan vere å bruke Søknadsweb, sidan denne har meir funksjonalitet for saksbehandling av større grupper søkarar.

Studieavdelinga vil også vurdere korleis ein kan forenkle prosessen med å melde inn vidareutdanningstilbod til Studieavdelinga. Vi har starta dialogen med EVU-nettverket om dette, og vil fortsette denne utover hausten.

Vegen vidare
Eit eventuelt forslag om å forenkle opptakskrava til vidareutdanningar gjennom tilpassing av regelverket må sendast på intern høyring. Studieavdelinga tek sikte på at endringar i UiO sitt regelverk kan vere vedtekne før jul.

Spørsmål til diskusjon:

1) Har fakulteta innspel til forslaget om å forenkle opptakskrava til vidareutdanningar gjennom tilpassing av realkompetansevurderinga og dokumentasjonskravet?

2) Har fakulteta innspel til forslaget om å avgrense den tilpassa realkompetansevurderinga og dokumentasjonskravet til frittståande vidareutdanningsemne?

3) Kva vil vere dei viktigaste tiltaka for å forenkle opptaksarbeidet til vidareutdanningar?